



## Styremøte Bø museum

Dag: Mandag 12. juni 2023

Tid: kl.19.00

Stad: Polen

Til stades: Olav Finstad (møteleiar), Kari Rast Monge, Evy Beate Stykket, Halvor Kleppen, Kari Lønnestad

Frå drift: Bergit Li

Forfall: Kristin Kleppen, Ellen Schrumpf, Jørn Berget

## Sakliste

Sak 41/23 Innkalling og sakliste  
Innkalling og sakliste godkjent.

Sak 42/23 Godkjenning av referat frå siste møte  
Referatet godkjent.

Sak 43/23 Sommarsesongen

Evy orienterte om stoda for utstillingsarbeidet. Utstillinga markerer både 100-årsjubileum for vgs og 200-årsjubileum for Grauteknapp-skulen. Det er behov for litt fleire gjenstandar til utstillinga, det blir sjekka på skulen og i museets eiga samling. Evy ser på utforming av plakat og flygeblad. Evy og Ellen skal vera i utstillingsbygget torsdag 22.06. så dei som kan/vil bidra kan møte fram da. Sofaen som står i utstillingslokalet bør fjernast, så kan ein heller sette ut nokre få klappstolar til dei som treng å sitje ned. Golvet i utstillingsbygget treng boning, det bør gjerast så snart som råd. Bergit sjekkar litt rundt metode.

Opningsprogram 2. juli kl. 13.00: Margit Ims fortel om vgs-historia og Halvor Kleppen vil seie litt om Grauteknapp og skulen der. Evy får ein tittel til Margit sitt innlegg. Kari sørger for skulesongar til allsong, og Bergit har kontakt med spelemanslaget. Annonse bør inn i Bø blad 29.06.

Me tar sikte på å ha litt ekstra tilbod på søndagane i utstillingsperioden. Da legg me opp til nokre programinnslag, og Åsestugo skal vera open. Vakt der må me ta på dugnad, Finn Rønning, Bjørg Åsen, Evy, Kari L og Kari RM har sagt seg villig til å ta nokre vakter kvar. Det har vore reparasjon av peismuren i Åsestugo for nokre år sidan. Nå har det falt ned murpuss, dette må Jørn sjå på.

Forslag til søndagsprogram kl 15.00:

Finn om Åsestugo 30. juli

Halvor Kleppen om Bø for 100 år sidan 23. juli

Kari spelar langeleik i Åsestugo

Einar Fagerås fortel om Åheim  
Bergit kontaktar Finn og Einar for avtale.

Sak 44/23      Dagleg leiar

Det skal vera møte med kommunen 22. juni kl 15.00, Kristin, Bergit og Kari stiller.  
Bergit har vore i kontakt med Prospera, men formelle henvendelser der skal skje skriftleg, og det er ikkje gjort ennå.

Sak 45/23      Orienteringssaker

Pilegrimsvandringa 2. pinsedag: Ca 80 personar innom, Bergit, Kari og Kari styrte kafeen på Polen denne dagen, det fungerte greitt med tre personar. Det var passe mengd med suppe, nesten alt blei selt. Kari og Kari har deltatt på evalueringsmøte på Evju.

Ref. Kari